

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Helgemesse / Allehelgensdag - 4. november 2012

Preiketekst: Matt 5,13-16

Lesetekst I: Salme 84,2-8

Lesetekst II: Hebr 12,1-3

Gode gjerningar fører til lovprising

Til dagen

Ein kvar predikant vil denne dagen måtta leva med spennet som ligg mellom uttrykka "alle helgenar" og "alle døde". Svært mange menneske kjem til kyrkja denne dagen med ein bagasje med sorg over menneske som har gått bort, mens kyrkja sine tekstar har eit noko anna fokus. Her er det mange lokale tradisjonar som vil vera med og bestemma kva omsyn som må takast ved førebuing av gudstenester og møte.

Kort om tekstane for dagen:

Salme 84,2-8 handlar om ein sterk lengsel etter Herrens hus. Konkret betyr det tempelet i Jerusalem. Teksten kan nok også tolkast overført, både om kyrkja som Guds hus og om det evige livet i Fars hus.

Hebr 12,1-3 har dei truande i GT som bakgrunn (Hebr 11) og handlar om den sigrande og den stridande kyrkja. Teksten har med eit flott uttrykk om Jesus: Han er trua sin opphavsmann og fullendar.

Matt 5,13-16 blir av mange rekna for å vera sjølve temaet for Bergpreika (Matt 5-7). Hans Kvalbein skriv for eksempel i sin kommentar til Matteusevangeliet at "versene gir oss det som er grunntemaet for hele Bergprekenen: Disiplenes egenart som Guds folk og deres kall til å gjøre Guds vilje."

Saltet framhevar smaken

Det er viktig å merka seg at Jesus her brukar indikativ, ikkje imperativ. Han snakkar om kva disiplane er, ikkje om kva dei burde eller skulle vera.

Vers 13

I Jesu ord om saltet på jorda, ligg det ein advarsel om at disiplane kan koma til svikta kallet. Men det er ikkje opplagt kva Jesus tenkjer på når han kallar disiplane for saltet på jorda. Me kan finna bakgrunnsstoff til dette i GT og i den daglege bruken av salt på Jesu tid.

Moselova sa at saltet hadde ei rolle når ein ofra til Gud (2 Mos 3,13), sjå og Esek 43,24. Jesus reflekterer omkring dette i følgje Mark 9,49 (i alle høve i yngre handskrift). Moselova omtaler også ei saltpakt (4 Mos 18,19), sjå og 2 Krøn 13,5. Elles kan me også merka oss salt var reinsingsmiddel då Elisja reinsa vatnet i Jeriko (2 Kong 2,19-22).

Til bruken av salt i Jesu samtid, fokuserer ordforklaringane i Bibel 2011 på følgjande:

”I bibelsk tid vann dei særleg ut salt frå avsetningane i Daudehavet. Desse laga inneheldt både vanleg salt og og ei rekkje andre mineral (mellom anna karnalitt, som ser ut som salt, men smakar bittert). Salthaldige mineralplater kunne brukast som katalysator ved brenning av kamelgjødsel i omnen, men mista då etter kvart saltinnhaldet. Mineralhaldige jordklumpar frå Daudehavet kunne brukast i små prosjonar som jordforbetningsmiddel. Slike ting frå kvardagslivet ligg under Jesu biletbuk i Matt 5,13.”

I vår tid tenkjer me først og fremst på salt som smakstilsetning. Saltet får fram smak og kvalitet på maten. Eg har sett og høyrte at også dette blir tatt med i forkynning over teksten. Generelt bør me vera forsiktige med å leggja inn i teksten i staden for å leggja ut, men i nokre samanhengar kan det kanskje vera på sin plass å peika på at saltet som smakstilsetning kan vera eit spennande bilete på den kristne si oppgåve. Som saltet framhever smaken på maten, kan Jesu disiplar framheva Guds godleik og hans gåver til medmenneska.

Samanheng mellom lyskjelde og refleks

Vers 14-15

Jesu ord om at disiplane er lyset i verda, har ei positiv vinkling i forhold til orda om saltet. Han nyttar to bilete (byen og oljelampa) som viser at lyset gjer synleg (byen) og at lyset er til nytte for menneska (oljelampa).

Det er naturleg å sjå Jesu ord om disiplane som lyset i verda i samheng med at han i Joh 8,12 seier det same om seg sjølv, og der legg til: ”Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.”

Profetiane hos Jesaia om at Messias / Herrens tenar skal vera eit lys for folkeslaga (Jes 42,6; 49,6; 60,1ff) er ein viktig bibelsk bakgrunn for orda om lyset i verda. Desse profetiane blir siterte om Jesus i Simeons lovsong (Luk 2,32) og om disiplane i Paulus' og Barnabas' si forkynning i Apg 13,47. Tilsvarende kan me også ta med profetien i Jes 9,2 som blir erklært oppfylt gjennom Jesus i Matt 4,14-16.

Jesu ord om ein by som ligg på eit fjell, gir oss også ei naturleg tilknytning til geografien i Galilea. Det var ikkje uvanleg med byar på fjell i Midt-Austen. Men det er likevel mange som tenkjer seg at me her kan lesa om ein bestemt by i Jesu utsegn. Den gamle fjellbyen Sefad, som framleis er godt synleg frå landskapet ved Gennesaretsjøen, har ofte vore nemnt i denne samanhengen. Eit anna alternativ er at Jesus peika på Hippos (Susita) då han sa dette. Hippos, ein av Dekapolisbyane, låg på eit fjell på austsida av sjøen, like over staden der kibbutz Ein Gev ligg nå.

I forkynning over forholdet mellom Jesus og disiplane (oss) som lyset i verda, tenkjer eg det kan vera aktuelt å nytta refleksjonen som bilete. Refleksjonen lyser ikkje av seg sjølv, men den lyser når ei sterk lyskjelde lyser på den. Tilsvarende kan sjølvstyk også forholdet mellom sola og månen nyttast.

Det kan også vera eit poeng å peika på forskjellen mellom å lysa på andre og å lysa for andre. Vår oppgåve er ikkje å setja eit ubehageleg flomlys på andre, men å vera berarar av Guds gode lys, eit bilete på frelse og fred, liv, varme og glede.

Kva vil neste generasjon seia om oss?

Vers 16

Her snakkar Jesus om gode gjerningar. Desse gjerningane blir synlege når disiplane sitt lys lyser for folk. Og disiplane sine gode gjerningar vil føra til at folka som ser, prisar Gud.

Det er ein viss skepsis mot å forkynna om gode gjerningar i kyrkja vår. Me er ofte redde for å seia noko som kan skygga for at det er trua åleine som gir frelse. Men me skal ikkje gløyma at gode gjerningar faktisk er gode! Og at Bibelen peiker på ein nær samanheng mellom tru og liv.

Paulus er svært tydeleg når han skriv om denne samanhengen. Han skriv om frelse ved tru og om gode gjerningar som om dette går hand i hand (Ef 2,8-10). Og formaningane hans legg vekt på livet som veks ut av trua, sjå for eksempel Kol 3,12-17.

Matt 5,16 er blant dei bibelorda som har gitt bibelsk grunngeving for tanken om helgenar; nokre skal prisa Gud på grunn av andre sine gjerningar (Kopperud: På vandring gjennom kirkeåret, side 139).

Dei gode gjerningane som får andre til å prisa Gud, høyrer heime i forkynninga på Helgemesse / Allehelgensdag. Me minnest dei som har gått framfor oss i trua og som har vore våre førebilete. Det kan vera ei mor eller ein far, bestemor eller bestefar. Det kan ha vore ein kristen leiar i barne- og ungdomsarbeidet me sjølv har deltatt i. Eller det kan ha vore ein av dei meir kjente helgenane i meir klassisk forstand. Svært mange av oss har kristne førebilete som har betydd mykje. På same måte er me som Jesu disiplar i dag, med og får neste generasjon til å prisa Gud. Eller?

Bøn

Herre, alle desse du har gitt meg,
alle dei eg skal få vera nær,
la meg røra dei med opne sansar,
våga vera hos dei der dei er.
Ja, til alle eg i dag skal møta,
la meg bera med meg lys og salt.
Gje meg mot nok til å sjå og høyra,
til å dela varmen min der det er kaldt.
For tillit skal vera min styrke.

(Frå Morgonsalme av Heidi Strand Harboe, 2001)

Preikeskisse

1. Kva er ein helgen? Samanhengen mellom heilag og helgen. Kven har vore viktige førebilete for meg?

2. Nokre sentrale poeng om kven Jesus er og kva han møter oss med i dag, anten me har kome til kyrkja med ei kjensle av sorg eller ikkje. ”Du, hjelpeløses hjelper, bli hos meg” (NoS 814) . Den krossfeste og oppstadne Herre. Forkynna evangeliet om frelse.

3. Å tru på Jesus. Å vera salt og lys, med vekt på lys. Å gjera gode gjerningar som Gud legg ferdige for oss. Kven kan me lysa for? Kan me gjera det lettare å tru på Jesus for nokon i vår næraste omkrets?

4. Å knyta trua til noko så konkret som Guds frelsande handlingar i dåpen og nattverden, - og til det som er sagt om Jesus i pkt 2.

Arne Berge

Sokneprest i Hinna, Ytre Stavanger prosti. Kretsstyremedlem, Stavanger krets, Den Norske Israelsmisjon.

berge.arne@gmail.com